



Verdidokument

Hareid IL fotball ønsker å sikre alle barn og unge som deltek i våre aktivitetar og arrangement kan gjere dette innanfor trygge rammer.

Vår visjon

Vi skal ha individuell og kollektiv utvikling i eit trygt og positivt fellesskap.

Vi skal bidra til eit trygt og positivt oppvekstmiljø.

Barnefotballen i Hareid skal byggast rundt visjonen om fotballglede og utfordringar for alle. Uavhengig av ferdigheitsnivå, treningsiver, alder, kjønn og kulturell bakgrunn. Alle skal vere like mykje verdt!

Å vere trygg er eit sentralt omgrep for at nokon skal trivast. I Hareid IL fotball skal barn føle seg trygge. Både i høve aktivitetar, lagkameratar og dei vaksne i klubbens miljø. Alle skal oppleve mestring, føle seg inkludert og vere stolte av klubben sin. Aktiviteten må tilpassast slik dette gjeld alle!

Vår slagord er:

«Stolt av Hareid»- vi kan, vi vil og vi får det til !

Stolt-inkluderande-mestring

Omgrepet tyder blant anna:

- Vi skal få til det vi prøver på: vi gir ikkje opp, men prøvar på nytt.
- Vi er opptatt av at barn og unge skal mestre og kjenne seg inkluderte
- Vi skal få ting til, saman.
- Vi skal skape trygghet, trivsel og glede, og ha det kjekt, saman.

Verdigrunnlag:

Vi er opptekne av å utvikle alle i eit trygt og godt fellesskap, ikkje berre som fotballspelarar, men også som menneske. Vi skal bidra til eit trygt og godt oppvekstmiljø. Verdiane våre skal vere forankra i alt arbeid som blir gjort i fotballgruppa , og alle i Hareid IL fotball skal ha kjennskap til og jobbe etter desse verdiane.

Verdiar:

- Bidra til humør og glede
- Snakke med, ikkje om
- Dyrke fellesskapskjensla
- Alle skal vere inkludert
- Vise respekt

- Nei til mobbing
- Trygghet og sunne haldningar